



Med flagg og klapping vart påsken markert i Beinavikjo i kveld, langfredag.

I disse koronatider er kreativiteten stor for å skapa trivsel og tru på at snart er smittefaren over. Med inspirasjon frå Italia vart det kl. 19.00 gjennomført ein minikonsert på kaien på Uskedalen Brygge med tilrop og klapping frå bebuarane på altanane. Musikken var vald ut i solidaritet med Italia, landet i Europa med flest omkomne i pandemien.

Kva er meir treffande enn Det var på Capri og La Paloma når ein skal finna musikk og song alle har eit forhold til. Det var standard låtar i Helgheim på alle dansane i ungdomslaget på 1960 talet. Seksjonseigarane i Sameige Uskedalen Brygge klappa og song med på tekstane.

Ideen til dette sosiale stundet hadde Eilif Myklebust. Kjellaug Hella Myklebust og Kristian Bringedal stod for den praktiske gjennomføringa. Med god avstand våga nokre seg til med solodans på kaien. Ei anna løysing var å rulla ut dopapir for å markera avstanden i dansen.




[Italiensk musikk i solidaritet, med alpehue.](#)

Uskedalen.no er takksam om de sender bilete og litt tekst frå spesielle hendingar de opplever i påsken i 2020.

Send til uskedalen.no@gmail.com

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunnlaug Eik/ Kjellaug Hella Myklebust



Det var god respons på stundet i Beinavikjo. Her er plakaten.

